

Åmund reiste Sagasøy

**Kjem du oppover Bøverdalen øvst i Ottadalen, ser du brått eit nesten utruleg syn. Mot himmel-
randa løfter ei 34 meter høg søyle seg. Ho
skulle stått framfor Stortinget, men då det ikkje
vart av, brukte Åmund Elvesæter 2,6 millionar
av egne midlar for å få kunstverket på plass.**

TEKST OG FOTO:
GERD HAUGEN

Historia om korleis Eids-
vollsøyla vart Saga-
søyla og havna på
Elveseter i Bøverdalen er som eit
eventyr, og mannen bak er eit
endå større eventyr. Nokon kvar
vil spørje seg kva som får ein
mann til å satse så mykje pengar,
arbeidskraft og entusiasme på å
få sett opp eit kunstverk som det
norske Storting etter krigen ikkje
har våga å ta hendene sine borti.

– Når eg har tent skillingane,
likar eg å bruke dei. Og eg syn-
tes det var ei skam at det som
mange meiner er verdas vakraste
søyle skulle ligge gatelangs i
Oslo, seier søylebergar og hotell-
vert Åmund Elvesæter, også kjent
under tilnamnet Jotunkongen.

Vår historie

Alt i 1836 kom *Henrik Werge-
land* med eit opprop til det norske
folk om å reise eit nasjonalmonu-
ment, eit minnesmerke til ære for
grunnlova. Mange engasjerte

seg, og mange utkast vart laga.
I 1926 vart *Wilhelm Rasmussen*
utkast «Fra Hafstrfjord til Eidsvoll»
vald, i tevling med blant anna eit
utkast av *Gustav Vigeland*. «Eids-
vollsøyla» skulle reisas på Eids-
volls plass utanfor Stortinget.

Fram til krigen gjekk arbeidet
med søyla framover, kunstnaren
modellerte i gips, og 8–10 stein-
hoggarar hogg relieffa inn i syen-
nitt. Pengar var innsamla og Stor-
tinget løyvde midlar. Men så kom
krigen, og med det vart lagnaden
til søyla fullstendig øndra.
Wilhelm Rasmussen støtta NS;
etter krigen fann Stortinget det
vanskeleg å reise eit monument
over det nasjonale fridomsverket
laga av ein som var dømd for
landssvik.

– Rasmussen budde her på
Elveseter mange gonger, og inter-
essa mi vart vekt for både kunst-
naren og søyla som fekk ein slik
ublid lagnad. Vi samarbeide om
å få sett opp eit relieff av Knut
Hamsyn på fødestaden i Garmo i
Lom.

Varm potet

15 års utrøyttelig arbeid ligg bak
det faktum av Sagasøyla nå løfter
seg mot himmelen midt i Fjell-
Noreg. – Rasmussen hadde tulla
seg bort under krigen, mest på
grunn av trøng økonomi. Eg fann
ikkje noko nazistisk i korkje
mannen eller kunsten hans, men
eg vart harm over korleis han og
kunstverket vart behandla. Nokre
foreslo å bruke søyla til vegfylling.
Korkje Stortinget eller andre med
makt og myndighet våga seg
borti denne varmaste poteten i
norsk kunstliv.

– Eg skjøna etter kvart at det
var uråd å få reist søyla på den
opprinneleg tiltenkte plassen utan-
for Stortinget, ja, at Oslo ikkje var
aktuell i det heile. Så prøvde eg
Lillehammer kommune, men dei
våga ikkje etter at Stortinget
hadde sagt nei. Då Lillehammer
fekk OL, øygna Åmund ein ny
sjanse, men fekk atter nei.

– Då skjøna eg at dette måtte
eg gjera sjølv, seier Åmund roleg.
På Elveseter hadde han eigen
grunn, han var viljug til å bruke
pengar på søyla og ingen kunne
skulde han for å ha politiske grun-
nar for dette. Åmund Elvesæter
leia kampen dei frilynde ung-
domslaga i Gudbrandsdalen

førde under krigen for å unngå
nazi-styring, og vart også fengsla.

Stort arbeid

– Det var særjeleg å sjå korleis
kunstverket var handsama. Dårleg
lagring gjennom år hadde skadd
gipsformene. Sjølv om Stortinget
ikkje ein gong hadde brydd seg
om å ta skikkeleg vare på søyla,
hevda dei eigedomsrett over
monumentet! Men Åmund Elve-
sæter er ikkje ein mann som gjev
seg, og hadde også skaffa seg
ein god medspelar i *Andr.
Stangeland* som styrde med arven
etter *Wilhelm Rasmussen*.


Halvparten av søyla var
hoggen ferdig før krigen, resten
fannst berre i gips. Skulle søyla
reisas i sine fulle 34 meter, måtte
også dei øverste relieffa, kapitèlet
og Harald Hårfagre på hesten
hoggast eller støypast. Åmund
Elveseter fekk kontakt med Opp-
landske Betongindustri på Dokka.
Odd Ødegård reparerte gipsfor-
mene og resten av søyla vart
støypst i kunstbetong, og skil seg
ikkje merkande frå dei delane
som er hogne i syenitt. Eit heilt år
arbeidde Opplandske Betong-
industri med søyla før den på
ettersommaren i 1992 kunne
reisas mellom fjella i Bøverdalen.

Norsk historie i stein

500 tonn veg søyla som står på
ein betongkoloss som går åtte-ni
meter ned i jorda. Med det utrø-
leg sermerkte hotellet som Åmund
Elveseter og kona *Jessie* har bygd
opp på den gamle familiegarden
i Bøverdalen som næraste gran-
ne, reiser Sagasøyla seg mot
himmelen. Turistane stoppar i
flokkvis for å sjå på nærare på
det utrulege synet.

Søylerekkene viser norsk histo-
rie frå småkongane i høvding-
rekkja nederst, vidare motiv frå
Hafstrfjord, Dalegudbrand,
Åsgårdsreia, bygging av kyrkjer,
helgenar, *Sigurd Jorsalfar*, korsta-
rarane, slaget på Kringen, berg-
verksdrift, *Tordenskjold*, bispeseta
og heilt til slutt Eidsvollsmennene
som held kvarandre i hendene og
seier «Enig og tro til Dovre faller».

Søyla vert avslutta med eit
kvadratisk kapitèl med kong *Eirik
Magnussens* majestetsegel anno
1294 og symbolet til dei norske
bispeseta. Heilt på toppen tronar
kong *Harald Hårfagre* på sin



Åmund Elvesæter har saman med kona *Jessie* skapt eit hotell utan
like på fedregarden i Bøverdalen. Her i inngangspartiet som han
sjølv har skore ut.

a

hest. Opprinnleg skulle her den norske løva ha trona, men dette vart endra under arbeidet.

Eventyrhotellet

Næraste granne til Sagasøyla er Åmund og Jessie Elvesæters livsverk, hotellet dei har bygd opp til det mest sermerkte i landet. Her er ikkje glas og glitter, men heile hotellet er eit levande museum, fylt med antikvitatar, maleri, treskurd og husflid av dei mest ulike slag. – Eg kjøper heller eit skåp enn ny bil, men så har eg nok også eldste bilen i Bøverdalen, smiler Åmund og har historier å fortelje om det meste som gjer dette hotellet til skrinet med det rare for dei tusenvis av turistar som sommarsesongen er innom Elveseter.

Klenodia er mange, frå skåp skorne av den store meistaren Skjåk-Ola til ikon og antikvitatar frå ulike land Åmund og Jessie har vitja. – Det første vi gjer når vi kjem til ein ny by, er å spørje etter antikvitetbutikkar. Mykje utanfrå passar godt saman med det som er grunnstamma på Elveseter, dei gamle bondeantikvitetane.

På veggane i dei utrulege roma på Elveseter finnst også nokre av Adolph Tidemands beste bilde. «Norsk gravøl», «Sognebud» og «Afskeden fra de gamle foreldre» er juvelane i ei omfattande kunstsamling.

Ei vandring gjennom salongar og andre rom i Elveseter er fylt av kunst og kultur, historie og glede over vakre ting. Vertens kunstnar-givnad viser seg i treskurd, også i det er han i god gudbrandsdalsk tradisjon.

Men i dag gler Åmund Elvesæter seg aller mest over det store kunstverket Sagasøyla som har kome ut av lagerskur og gløymse. Alle som fer vegen mellom Gudbrandsdalen og Sogn ser søyla som ingen ville ha, men som ved ein manns innsats og offervilje fann rette plassen mellom dei høgaste fjell. ○

Sjøl om fjella er høge inni Jotunheimen, synest Sagasøyla godt i landskapet ved Elveseter Hotell i Bøverdalen. Søyla som skulle stått ved Stortinget fekk plassen sin midt i Fjell-Noreg takka vera Åmund Elvesæters langvarige innsats for å få søyla ut av gløymse og vanære.

